




GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 5

Oktober 2019

70. årgang

INNHALD

Min salme2

Andakt3

Den gong då3

Folkjekjær prest takkar av 4 & 5

50års konfirmentar 6 & 7

Lys og Liv festivalen8 & 9

Nye sokneråd..... 9

Kunngjeringar..... 10

Gudstenester 11

Fra Hadeland til Hemsedal 12

Helmax på Gol bedehus 12

MIN SALME

KJELLRUN LØKEN



Kjellrun Løken kjem opphaveleg frå Nesset i Romsdal, men har budd på Gol omlag dei siste 50 åra. Utfordringa om å velje ei salme er vanskeleg, det er så mange gode salmar i salmeboka. Den ho vel seg ut er ein ho vart ekstra glad i etter at ho vart åleine. Her finn ho ro, tryggleik og Guds omsorg i kvardagen.

TEKST OG FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

Salmen er av nyare dato og tek utgangspunkt i Salme 139,5 i Bibelen: «Bakfrå og framanfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg.»

Du omgir meg på alle sider

T: Arne Höglund 1982, etter Sal 139, 5

O: Jan Ove Ulstein 1988

M: Hans-Lennart Raask (omkved),
Märta Svensson (vers) 1982

Omkved

Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.

Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.

Når min veg går gjennom tette skodda
nær ved bratte stup og djupe vatn,
då er du nær meg på alle sider,
ja, du leier meg gjennom vatn.

Når mi tru er svak og motet sviktar,
og eg kjenner kalde redslevindar,
då veit eg trass alt at du er nær meg.
Du har lova vere med kvar ein dag.

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og
snittblomster og vi utfører alt av
binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol
908 870 28 - blomsterspira@gmail.com

f Blomsterspira

@ Blomsterspira

bruse[®]

ditt fiberselskap

VI LEVERER altibox

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

Redaksjon: Kjell Slåtten, Sølvi Larsen Aalrust (red.), Gunnar Rudningen,
Hilde Moe Hillestad, Kristine Viko, Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

E-post: oaalrust@online.no

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00

Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 476 27 663
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Diakon: Martha Frøyland Bleiktvad

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo

Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusoppplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafsås Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Kjetil Th. Storebråten

Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Ruth Kari Sørumshagen

Mobil: 986 26 436
ruth.kari.sorumshagen@hemsedal.kommune.no

Kantor:

Peter Rødel
Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar: Wilfried Westera

Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen: Hans Vidar Sørensen

Tlf: 911 76 827

Sokneråda:

Herad: Leiar Gunn Astrid Frøysok
Tlf. 990 34 376

Gol: Leiar Trygve Lono Smedsgård
Tlf.: 900 63 161

Hemsedal: Leiar Sissel Rudningen
Tlf: 419 35 246

Fellesråda:

Gol: Leiar Ola Grønseth
Tlf. 920 97 939

Hemsedal: Leiar Unni Bjørke
Tlf. 906 54 701

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:

Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795



Jesus – det evige livs håp

ANDAKT

TERJE EKLUND

Når dette skrives, i overgangen mellom september og oktober, har høsten for alvor gjort seg gjeldende. Vi har opplevd noen vakre høstucker. Marken er dekket av gulnet løv. Naturen går til hvile. Med høsten visner og dør alt det som for noen måneder siden var grønne jorder og frodige blomsterenger. Slik er det også med oss mennesker. Hør bare hva som står i Salme 103, vers 15-17: "Menneskets dager er som gresset, mennesket er som blomsten på marken. Når vinden farer forbi, er den borte, stedet den sto på vet ikke mer av den. Fra evighet og til evighet er Herrens miskunn over dem som frykter ham".

Ja, her tales det om menneskelivets forgjengelighet. Bildet som brukes, er hentet ut fra naturen: Blomsten som står der og lyser opp, gresset som kler marken, men som etter en tid visner og dør. Vi vet at alt som tilhører naturens orden en gang skal visne og dø. Det gjelder også menneskelivet.

Men ordene fra salmisten taler slett ikke til oss bare om forgjengelighet. Nei, for ut i fra Guds ord blir vi så sterkt minnet om at det står en Skaper bak det hele – og en Frelser som selv gikk i døden, men som sto opp igjen fra de døde. Jesus døde for at alle som tror på ham skal få eie evig liv. Det er gitt oss et levende håp om oppstandelse og evig liv ved Jesus Kristus. Akkurat slik som gresset, blomstene og trærne på ny spirer og vokser når våren kommer, skal også vi mennesker en dag stå opp til nytt liv.

Legg så merke til siste linjen i teksten fra Salme 103. "Fra evighet og til evighet er Herrens miskunn over dem som frykter ham". Det er Bibelens budskap til deg og meg: Gud vil gjøre miskunn og forbarme seg over oss. Han lot ikke mennesket bli stående tilbake under syndefallets dom og forgjengelighet, men han søker oss med miskunn til nytt samfunn med seg. Derfor skal vi ta imot Jesus og si JA til å følge ham.




Da skal vi få se videre frem mot det evige livs håp som vi er gjenfødt til ved Jesu Kristi død og oppstandelse. Så skal vi få leve i troen og håpet om å få ta i mot hans miskunn og kjærlighet. Må håpet om det evige liv lyse for oss. La oss be om Herrens miskunn, og at han blir hos oss, både i liv og i død.

Den gong då...

Midt under klimatoppmøtet i København i desember 2009 drog 1200 nordmenn på "klimaseglas" til den danske hovedstaden.

Om bord var representantar for miljøorganisasjonar, hjelpeorganisasjonar og kyrkjelege organ. Også kyrkja engasjerer seg i kampen for miljøet og manar til å ta ansvar for det Gud har skapt. Som medlem av Tunsberg bispedømmeråd, var Kyrkjebladets Kåre Olav Solhjell med på den historiske seglasen.

TILBAKEBLIKK: KJELL SLÅTTEN



Midt under klimatoppmøtet i København i desember 2009 drog 1200 nordmenn på "klimaseilas" til den gamle "Kongens by". Om bord på båten var ei blanda samling av representantar for miljøorganisasjonar, hjelpeorganisasjonar og kyrkjelege organ. Alle biskopane var med, med unntak av ein som var sjuk. Tunsberg bispedømmeråd og Ungdommens bispedømmeråd deltok også.

Under vegs til og frå København var det arrangert ei rekke seminar og debattprogram med norske og utanlandske deltakarar. Kor vidt det verkeleg finst eit klimatrugsål

som krev handling, det spørsmålet var ikkje lenger diskutert. Alle samla seg heller om å diskutere strategiar for forandring, kva enkeltmenneske kan gjere, kva industrien kan gjere og kva statar og internasjonale organ kan gjere. Midt i dette har også kyrkja ei oppgåve som berre kyrkja kan fylle. Kyrkja held fast ved budskapen om Gud som held verda i si hand. Difor held kyrkja også fast ved håpet, og ved trua på at det nyttar. Kyrkja manar også til å ta ansvar for det Gud har skapt, han har sett menneske til å forvalte sitt verk.

Eit høgdepunkt var gudstenesta i Vor Frues Kirke. Gudstenesta opna

med ein prosesjon der utsendingar frå tre kyrkjer bar fram symbol på klimaendringane: Stein som er avdekt under isbrear på Grønland, inntørka mais frå Afrika og døde korallar frå Stillehavet.

Klimaseilasen gav nytt innhald til bilde vi brukar både i kunsten og i daglegspråket. Vi seier ofte vi er i "samtale". Vi talar om livet som ein seilas og om jordkloden som eit skip.

"Jeg er en seiler på livets hav".
"Min båt er så liten..."

Tekst og foto: Kåre Olav Solhjell

Oppsett og trykk: Gol Grafiske as - tlf. 32 07 43 65



Jan Olav Skinnemoen sluttar:

Folkekjær prest takkar av

- Eg er glad i folk. Og så er eg glad i Jesus!

Orda kan gjerne stå som eit "avskjedsvitnemål" frå den avtroppande soknepresten.

Og kjenslene blir gjengjeldt. Jesus kan rett nok ikkje eg svare for direkte, men det er også unødvendig. Jan Olav tviler neppe på kjærleiken **hans**.

Men "folk" meiner eg å kunne representere og svare for. Og dei er glade i soknepresten sin gjennom 16 år. Det er så avgjort ein folkekjær prest som takkar for seg!



Jan Olav Skinnemoen med barnebarnet Hedda

Elddåp i nord

Han vart ordinert til prest i Oslo domkirke 19. desember 1982. Fredagen før var han, i statsråd hjå kong Olav og statsminister Kåre Willoch, utnemnt til residerande kapellan i Hammerfest.

Alt i midten av januar gjeikk ferda nordover, til det som var elddåpen som prest. Eller i dette tilfellet hadde det kanskje passa betre med "isdåp". Det vart eit barskt møte med både klima og folk, slik ein kunne lese i portrettintervjuet med han i Hallingdølen i midten av september.

Men den unge presten treivst, saman med familien sin, og vart verande i seks år. Etter det fylgde 15 år som kallskapellan på Tynset. I den perioden fekk han også prøvd seg både som sjukehusprest, heimevernsprest og sjømannsprest (éin månads vikariat på Gran Canaria). Ei allsidig presteteneste, med andre ord.

I 2003 vart han så tilsett som sokneprest i Gol og Hemsedal. Kona Gunvor (Garthus) må bere ein stor del av "skulda" for at han hamna her. Ho er frå Gol og har foreldre her. Jan Olav og Gunvor møttest fyrste gong då dei begge var på kristenrusturné i Numedal.

TEKST: **KJELL SLÅTTEN**

FOTO: **KJELL SLÅTTEN, STEINAR BLEKEN, KJETIL TH. STOREBRÅTEN**

Musikk og fotball

Han er fødd i Trondheim, men levde mesteparten av barneåra på Lillestrøm. Så flytte familien til Lier, der han hadde ungdomstida si. Som for gutungar flest, var fotball ein gjæv aktivitet. På Lillestrøm opplevde han å spele løkkefotball med Tom Lund, som seinare vart ei av dei store legendene i norsk fotball.

- Fødd i Trondheim, barneår på Lillestrøm og ungdomstid i Lier/Drammen: Då er "1000-kronersspørsmålet" om det er Rosenborg, Lillestrøm eller Strømsgodset som er favorittklubben?



MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL

Med den gode stemningen!

Han ler: - Ja, eg kan jo med godt samvit heie på alle tre! Men ein kan liksom ikkje svikte sin fyrste kjærleik. Så det er nok Trondheim og Rosenborg som er favoritten.

I Drammen var han med og stifta fotballklubben Drammen Indremisjons IL (DRIM) og spelte sjølv aktivt der i fleire år på 70-talet.

Han er oppvaksen i ein musikalsk familie. Jan Olav markerte seg snart som ein talentfull trompetist. Heime hadde dei fullt husorkester med mora på piano, faren på fiolin, søstrene på klarinett og melodika og han på trompet!

Han spelar ikkje så mykje i dag, men kan framleis traktere trompeten betre enn dei fleste.

Gode år i Gol og Hemsedal

Tida i Gol og Hemsedal oppsummerer han slik: - Det har vore 16 gode og veldig fine år! Det har vore litt kontrast til tida i Hammerfest, der både klima og arbeidspress var noko heilt anna. På Tynset var det fleire tragiske ulykker med forgreiningar til bygda, som var vanskelege og utfordrande. Me hadde likevel trivelege år der, understrekar han.

- Eg har trivest veldig godt med folket her i Gol og Hemsedal. Eg er glad i folk – og så er eg glad i Jesus! Det trur eg er ein fin kombinasjon, smiler han, og held fram:

- Eg kjenner meg veldig privilegert og audmjuk over å ha fått ta del i folks innarste liv, i glede og i sorg.

Han vil ikkje vere med på at eit stadig meir sekularisert samfunn, og glisne kyrkjebenker, har vore demotiverande for ein prest:

- Det har i grunnen ikkje det. Me har stadig veldig høge dåpstal, stor oppslutning om konfirmasjonen og



PENSJONIST: Jan Olav Skinnemoen ser fram til rolegare tider som pensjonist.

svært mange vigslar. Og me har eit godt samarbeid med kommune, barnehagar osv. Eg har inntrykk av at folkekyrkja står sterkt i Gol og Hemsedal. Det er folkekyrkje på sitt beste, på sett og vis.

- Så framtida er ikkje så dyster?

- Eg håpar ikkje det. Me får seie som finnmarkingen gjer: "Vi må stol' på Vårherre!" Kyrkja har vore gjennom mange utfordringar og ulike fasar opp gjennom åra, me må kunne omstille oss til å takle nye tider. Og vere trugne mot det oppdraget me har, seier han.

Drøyer om pilegrimstaven

Å vere "mofa" er noko av det han gler seg til å bruke meir tid på som pensjonist. Han er alt "booka inn" som barnevakt. Hans gamle mor på aldersheim skulle han også gjerne besøkt litt oftare.

- Og så ska' eg rydde opp i kjellar'n, ler han.

Men han kan også røpe at han har ein draum:

- Som pensjonist har eg ein draum om å gå pilegrimstur. Eg har tenkt at når eg har overlate stafettpinnen til etterfølgjaren min, tek eg i staden opp pilegrimstaven. Eg har ein draum om å gå pilegrimsleia til Trondheim. Eg skal ikkje skryte på meg at eg skal gå heilt frå Oslo, sjølv om det er draumen, sjølv sagt. Men på den måten å kunne oppleve natur og skaparverk i eit rolegare tempo, ser eg veldig fram til. Og ved å kome til Trondheim, der eg er fødd, vil også sirkelen på ein måte vere slutta, smiler han. "Ein pilegrim vender tilbake"...

Hjertelig takk!

Det er med takknemlighet og mange tanker og følelser jeg skriver disse linjene i Kyrkjebladet. Da vi flytta inn i prestegården på Gol sommeren 2003, kom vi til et sted vi kjente godt fra ferier på besøk hos foreldrene til kona mi, Gunvor. Noe annet var det å bo her og bli kjent med dere i Gol og Hemsedal. Vi ble tatt godt imot, og i løpet av disse 16 åra har jeg som prest fått dele alt fra de største gleder til de dypeste smerter sammen med dere. Jeg er takknemlig for at jeg har fått ta del i livet til så mange av dere.

«Alt har sin tid», sier Forkynneren i Det gamle testamentet. Nå er det tid

for å avslutte tjenesten som prest og få mer tid sammen med familie og til å bruke tida på hjem, interesser og friluftsliv. Vi flytter heldigvis ikke, så vi vil fortsatt møtes og holde kontakten. Gudstjenesten vil også fortsatt være en viktig del av livet mitt, og når jeg finner min plass i kirkebenken håper jeg at vi får være sammen i de flotte kirkene våre.

Jeg er glad for at jeg nå kan gi stafettpinnen videre til min tidligere konfirmant, Arnstein Bleiktvedt. Det er dessverre ingen selvfølge lenger at det er søkere til prestestillinger, og det er godt å vite at Arnstein blir innsatt som prest her på nyåret.

Jeg er dypt takknemlig for den flotte og overveldende avslutningsgudstjenesten og festen på bedehuset søndag 29. september. Tusen takk for alle gode ord og gaver!

Jeg vil avslutte med å hilse dere med de orda jeg sa til slutt i min takketale på bedehuset. De står i det siste verset i Bibelen og passer som en avslutning og som en hilsen på veien videre: «Herren Jesu nåde være med alle! Amen»

*Takknemlig hilsen
fra Jan Olav*

KONFIRMANTAR GOL - 1969



FOTO: OLAV SKREDEGÅRD

1. rad f.v.: Ellen Berit Berg, Inger Berit Rust, Kari Kinnebergbråten, Tove Solvor Stenersen, Laila Waagø, Turid Waagø, Prest Borgar Holte, Kari Bråten, Idu Halvorsen, Gunvor Hesla, Berit Vik, Åshild Østro **2. rad f.v.:** Anne Helene Navrud, Jorun Asen, Guro Birgit Søndreli, Inger Marie Nymoen, Sigrun Berit Magnetun, Kari Guri Haugo, Gunn Helene Golberg, Astrid Øynebråten, Hilde Elisabeth Kveim, Kari Øynebråten **3. rad f.v.:** Mary – Anne Rudning, Olveig Botten, Anne - Bjørg Viko, Ole Jørgen Jørgensen, Sverre Hovind, Gunnar Jordheim, Vidar Steinskjer, Ingebørg Christophersen, Anita Storebråten, Sigrun Brennhovd, Oddny Brenna **4. rad f.v.:** Vidar Jordheim, Knut Nibstad, Birger Gladhus, Steingrim Odd Løstegård, Øystein Olav Eiklid Almendingen, Olav Espedokken, Nils Brekke, Einar Arnegård, Odd Magnetun, Trygve Olav Lono **5. rad f.v.:** Petter Spildrejorde, Arnliot Mehl, Arve Rustberggård, Kjell Brøto, Svein Narum, Olav Ivar Berget, Birger Nyhusmoen, Magne Hansen, Bjarne Haugstad, Per Golberg, Reidar Stensrud.

50 –ÅRS KONFIRMANTAR GOL - 2019



FOTO: MARIT SKREDEGÅRD

1. rad f.v.: Inger Berit Myklebust, Åshild Knutsmoen, Gunn Golberg Halvorsen, Astrid Øynebråten Brenna, Ingebjørg Christophersen Solheim, Kari Øynebråten, Oddny Wøllø, Guro Birgit Søndreli Vissebråten **2. rad f.v.:** Prest Camilla Osnes, Sigrun Brennhovd Tangen, Inger Marie Nymoen Vestenfor, Sigrun M. Thorsen, Kari Guri Haugo, Anne Bjørg Sato, Hilde Kveim, Kari K. Skaret, Laila Waagø Bleiktedt, Anne Helene Eidsgård, Ellen Berit Berg, Turid Waagø, Jorun Aasen Øderud **3. rad f.v.:** Trygve Lono Smedsgård, Vidar Jordheim, Petter Spildrejorde, Birger Gladhus, Olav Ivar Berget, Arve Rustberggård, Svein Narum, Gunnar Jordheim, Per Golberg, Einar Arnegård

KONFIRMANTAR HEMSEDAL - 1969



FOTO: OLAV SKREDEGÅRD

- 1. rad f.v.:** Magnhild Finset, Marit Støyten, Prest Borgar Holte, Magnhild Hagen, Astrid Eikrehagen
2. rad f.v.: Berit Mythe, Else Karin Ulsaker, Helga Furuhaug, Gunhild Brandvold, Arnhild Brandvold, Ågot Wøllo
3. rad f.v.: Arild Olav Grøndalen, Ole Anders Langehaug, Kari Grethe Engene, Elin Jordheim, Ivar Erik Svare Halbjørhus, Nils Erik Hulbak
4. rad f.v.: Bjørn Tore Hallingstad, Tor Bækken, Noralf Frank Nilstad, Gunnar Eggen, Odd Bækken, Stein Erik Langehaug

50 –ÅRS KONFIRMANTAR HEMSEDAL - 2019



FOTO: STEINAR BLEKEN

- 1. rad f.v.:** Prest Jan Olav Skinnemoen
2. rad f.v.: Arild Olav Grøndalen, Magnhild Finset Fjeldheim, Astrid Eikrehagen Listøen, Stein Erik Langehaug
3. rad f.v.: Kari Grethe Engene Haraldsrud, Elin Jordheim Jorde, Marit Støyten Bjerkholt, Ågot Wøllo

Lys & Liv -FESTIVALEN VATN

Lys&Liv-festivalen vart arrangert for fyrste gong i Hemsedal andre helga i oktober. Dette er tenkt å bli ein årleg festival for 3.-6. klasse, og 20 barn og nesten like mange leiarar var med på oppstarten.

I år var tema vatn, og gjennom festivalen vart temaet utforska gjennom aktivitetar, song, lek og fellesskap. Deltakarane

var delt i to grupper, ei utegruppe og ei agent-/hobbygruppe. Utegruppa var i Storeskar og tok haustens siste kanotur før dei bada i badestampen, og agentgruppa vart leda til vassverket på Krikken i jakta på kor drikkevatnet i Hemsedal kjem frå.

Sundag var leiarar og deltakarar med på å lage festivalgudsteneste. Den vart ein fest, med dåp, korsang, band og nattverd!

Vi gler oss allereie til andre helga i oktober neste år! Tema for fire år er: vatn, himmel, jord og lys!



Utegruppa fekk vaska seg i badestampen i Storeskar.
Foto: Yngve Vågen Venås



Iver Løken Møllerplass, Lars Rune Eikre og Sissel Komba er med Ingar Nergård og hentar råvatn i luftebassenget på Hemsedal vannverk. Foto: Britt Marie Haraldset Hafsås



Haust, snart vinter i fjellet, men kano går enda.
Foto: Marianne Løvehaug Sandbu



Lars Rune Eikre får vaska føtene av vikarprest Ruth Kari Sørumshagen.
Foto: Britt Marie Haraldset Hafsås



Utegruppa på kanotur.
Fr. v.: Mari Rimstad Intelhus, Olava Thorset, Rediet Kiros. Foto: Marianne Løvehaug Sandbu

Sang- og litteraturkveld

m/Per Arne Dahl og B-karadn

Torsdag 7. november

Gol bibliotek kl 18.00:
Hans Børli som sjelesørger

Gol bedehus kl 19.00:
Sårbarhetens kraft og risiko



Foredraget på Gol bedehus blir kombinert med sangkveld for Gol fråhaldslag der blant anna B-karadn frå Ål syng. Loddsalg. Kaffe og kake.

Per Arne Dahl kjem i haust ut med ei ny bok med tittelen:
Sårbarhetens kraft og risiko
Boka er til salgs under arrangementet.

Arrangementet er ein del av Bokåret 2019 og vert støtta av Nasjonalbiblioteket.

Arrangør: Den norske Kyrkja i samarbeid med Gol bibliotek, Gol Normisjon og Gol fråhaldslag.



Ingar Nergård demonstrerer ein hevert for agentgruppa.
Foto: Britt Marie Haraldset Hafsås



Agentgruppa jaktar på drikkevatnet i Hemsedal.
Foto: Ingar Nergård



Kveldssamling i kyrkja.
Foto: Britt Marie Haraldset Hafsås



Festivaldeltakarar i prosesjon inn til gudsteneste.
Foto: Britt Marie Haraldset Hafsås



Korsang under festivalgudsteneste.
Framme f.v.: Felicia Mediaa Lenning, Sabina Bergrud Taraldsen, Torhild Elise Eikre. Bak f.v.: Rediet Kiros, Syver Hustad, Iver Løken Møllerplass.
Foto: Britt Marie Haraldset Hafsås

Nytt Sokneråd i Gol og Herad

Gol og Herad Sokneråd 2019 - 2023

1. Gunn Astrid Frøysok
2. Jorunn Viljugrein Stake
3. Olveig Synnøve Engene
4. Ole Dag Møllerplass
5. Hilde Midtgård
6. Wenche Dahl- Michelsen
7. Evi Anita Torp
8. Inger Lagmannsgård

Varamedlemmer (5 stk)

9. Bjørg Inger Møllerplass
10. Ole Roar Hagen
11. Sigurd Sato
12. Marita Embre Stigen
13. Heidi Bråten

Nytt sokneråd trer i funksjon frå 01.11.2019,
og med fellesrådsfunksjon frå 01.12.2019

Bispedømmerådsvalget

Bønnelista: 50 stemmer
Nominasjonskomiteens liste: 167 stemmer
Åpen Folkekirke: 222 stemmer

Antall stemmer: 554

Prosent av dei stemmeberettiga: 18% (av 3024)

Nytt Sokneråd i Hemsedal

Hemsedal Sokneråd 2019 - 2023

1. Håvard Venås
2. Synnøve Vågen Venås
3. Hilde Bakke Jensen
4. Monika Bakko
5. Oddmund Jordheim
6. Irene Markegård

Varamedlemmer (5 stk)

7. Kristin Mythe Eitrheim
8. Margit Løken
9. Leif Erik Haug
10. Øyvind Gjærde
11. Ole Embrikgård

Nytt sokneråd trer i funksjon frå 01.11.2019,
og med fellesrådsfunksjon frå 01.12.2019

Bispedømmerådsvalget

Bønnelista: 72 stemmer
Nominasjonskomiteens liste: 131 stemmer
Åpen Folkekirke: 131 stemmer

Antall stemmer: 417

Prosent av dei stemmeberettiga: 25% (av 1345)

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Herad kyrkje

22.09.19 Linnea Lindell Skaret
22.09.19 Ingvild Breie Solheim
06.10.19 Marius Brenna – Bakkejerde
06.10.19 Nicholas Torkaman Høva

Gol kyrkje

30.06.19 Milas Svendsen Torkveen
01.09.19 Emma Engene Kristoffersen
01.09.19 Hedda Langehaug
01.09.19 Jenny – Tomine Sato Egeli
01.09.19 Otto Benzon Østergaard
15.09.19 Milla Martinsen Haugen
15.09.19 Jenny Haugen Bjerke
29.09.19 Synne Lie – Jorde
29.09.19 Caroline Nordby Tuft

Hemsedal Kyrkje

08.09.19 Tuva Isabella Lidberg
22.09.19 Sirius Orion Jupiter Bjørnstrøm
13.10.19 Tiril Svensson Haugo
13.10.19 Signe Teigen Bakke

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 6/2019 kjem ut i uke 50
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innan 10. november

VIGDE

Hemsedal Kyrkje

31.08.19 Kristin Elvestad og
Even Hallem
07.09.19 Maria K. Nordmo og
Nicolai Beruldsen Rukin
14.09.19 Charlotte Runden og
Lars Erik Sørli
21.09.19 Maren Mjaatvedt og
Jarle Lervik
28.09.19 Ida Dyrnes Gramdal og
Magnus Angell
28.09.19 Anette Kunst Wergeland og
Niklas Hansen
05.10.19 Cathrine Gullingsrud Sevre og
Magnus Veslegard
19.10.19 Oddmund Gustavsen og
Synnøve Thronsen

Harahorn kapell

21.09.19 Roosa Sofia Rinne og
Martin Ræder Håkonsen
28.09.19 Katrine Aasheim og
Simon Frammarsvik Solheim

Skarsnuten hotell

31.08.19 Monica Dos Santos og
Rune Dahl

DØDE

Herad kyrkje

13.10.19 Eline Marie Lindh f. 1927

Gol kyrkje

29.08.19 Alfred Myhre f. 1927
03.09.19 Marit Sigrun Hellevik f. 1953
25.09.19 Turid Haugen f. 1927
28.09.19 Barbro Jordheim f. 1927
03.10.19 Asta H. Løvdokken f. 1923
09.10.19 Teddy Vejle f. 1939
12.10.19 Olav Julius Brønstad f. 1926
12.10.19 Harald Eldstad f. 1942
15.10.19 Finn Dale f. 1941
(Seremoni i Hegge kyrkje)

Hemsedal kyrkje

30.08.19 Anna Cesilie Bråthen f. 1939
06.09.19 Svein Halbjørhus f. 1929
13.09.19 Anne Marie Viljugrein f. 1939
20.09.19 Olav O. Ødegård f. 1930
27.09.19 Herbrand Gjærde f. 1919
02.10.19 Olav Bråten f. 1940
04.10.19 Jorunn Ødegård f. 1936

Hemsedal gravplass

19.10.19 Gudrun Olava Thorset f. 1928

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no

KA-dag for 1.-3.klassingar

På skulen sin planleggingsdag
18. november blir det KA-dag
(KyrkjeAktivitetsdag) med aktivitetar i
Gol kyrkje og på Gol bedehus
frå 8.30-15.30.

Påmelding innan onsdag 6. november
på mail eller sms: britt-marie.haraldset-
hafsas@gol.kommune.no / 951 22 136



Arnstein Bleiktvedt blir ny sokneprest i Gol

Då er det klart og offisielt. Tunsberg bispedømmeråd har tilsett Arnstein Bleiktvedt som ny sokneprest i Gol. Det er ein prest som kjenner bygda og kyrkjelyden godt frå før og det blir bra å få han heimatt i teneste hjå oss.

Planen er at han blir innsett på nyåret. No i haust er han prostiprest i Nedre Hallingdal, og har på den måten fått ansvaret for konfirmantundervisninga i Gol.

VELKOMEN TIL KYRKJE!

3. november – Allehelgensdag

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Eklund. Frøyland Bleiktvedt.
Vi minnst dei som har gått bort siste året.
Takkoffer: Diakoniarbeidet.
Kyrkjekaffe v/diakoniutvalet.

HERAD KYRKJE KL.18.00
Gudsteneste. Nattverd.
Jensen. Frøyland Bleiktvedt.
Vi minnst dei som har gått bort siste året.
Takkoffer: Diakoniarbeidet.
Kyrkjekaffe v/diakoniutvalet.

HEMSEDAL KYRKJE KL.18.00
Gudsteneste. Nattverd.
Sørumshagen.
Vi minnst dei som har gått bort siste året.
Takkoffer: Institutt for sjelesorg

10. november – 22. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL 19.00
Forbønngudsteneste.
Diakonane Frøyland Bleiktvedt og Kirkebøen.
Takkoffer: Stefanusalliansen.

17. november – 23. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Sørumshagen.
Sundagstur etter gudstenesta.
Takkoffer: Kyrkjebladet

Markering «Søndag for de forfulgte»

Søndag 10. november kl.19.00
i Herad kyrkje

Den andre søndagen i november markeres «Søndag for de forfulgte». Denne dagen står vi sammen om å vise solidaritet med alle kristne som undertrykkes eller forfølges.

Kirkene på Gol og Ål skal sammen markere dagen med gudstjeneste med fortellingen om Den hellige oljen. Eivind Skeie har skrevet denne fortellingen basert på legender han ble kjent med gjennom kristne i Egypt.



La oss sammen be for de kristne som undertrykkes eller forfølges i Egypt og i andre land.

Velkommen til gudstjenesten.

24. november – Kristi Kongedag

GOL KYRKJE KL.11.00
Lys vaken gudsteneste.
Bleiktvedt. Hafsås.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

1. desember – 1. søndag i adventstida.

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Sukka.
Takkoffer: Modum bad.

KYRKJESTUGU KL.16.00/17.00
Søndag for alle.

HEMSEDAL KYRKJE KL 19.00
Konsert. Bergerud m.fl.

8. desember – 2. søndag i adventstida

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Sørumshagen.
Takkoffer: Trusopplæring i Hemsedal

**Adventskonsert
i Hemsedal kyrkje**
Søndag 15. des kl. 18.00

Kom og høyr: Hemsedalskoret, Barn frå kulturskulen, Birgit og Joakim Solbakken Solistar frå bygda.m.fl.

Fri entré Dørene opnar kl. 17.30

GOL KYRKJE KL.19.00

Adventskonsert. Vickery med lokale sang- og musikkrefter. Takkoffer: Sang- og musikkarbeidet i kyrkja.

10. desember – tysdag

GOL KYRKJE KL.18.00
Adventskonsert med kulturskulen

11. desember – onsdag

GOL KYRKJE KL 18.00
Adventstund. Frøyland Bleiktvedt.
Mennesker med nedsett funksjonsevne deltek. Kyrkjekaffe.

GOL BEDEHUS KL. 19.00
Kyrkjekaffe.

15. desember – 3. søndag i adventstida

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Jensen.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL.18.00
Adventskonsert.
Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkjelyden.

Orgelinnsamling

Innsamlingsmålet på kr. 192.000,- er nådd.

På konserten kom det inn kr. 18.000,- pluss kr. 6000,- i private gaver til bankkontoen vår.

Kyrkjevevja har vore i kontakt med Orgelbygger Brødrene Torkildsen, og dei har sagt at dei kan begynne rehabiliteringsarbeidet i juli 2020. Dei reknar med at arbeidet tek ca. ei veke.

Tusen takk til alle som har bidrege med gaver, og ein spesiell takk til Sparebank1 og Sparebankstiftelsen som har sponsa prosjektet med kr. 40.000,-.

v:pps

Kyrkje
bladet



552440

Vipps nummer

Gol
Kyrkje



517300

Vipps nummer

Herad
Kyrkje



517065

Vipps nummer

Hemsedal
Kyrkje



105608

Vipps nummer

Lykkja
Kapell



542742

Vipps nummer

Fra Hadeland til Hemsedal

TEKST: SØLVI LARSEN AALRUST
FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Ruth Kari Sørumshagen flytter fra flatbygdene på Hadeland til fjellbygda Hemsedal i et 9 måneders prestevikariat. Kyrkjebladet traff den blide hadelendingen på kyrjekontoret i Hemsedal for en liten prat.

Det skravles inne på kontoret da jeg kommer og fire blide fjes kikker opp. Ruth Kari sitter i møte med staben og får informasjon om jobben som venter. Samtidig kommer og går folk, forhåndsstemming forklarer kyrkjeverge Kjetil, og Camilla prest skyver nennsomt noen store plakater til side. Det er snart valg.

Gran på Hadeland sier jeg spørrende? Ja, jeg er født og oppvokst der svarer Ruth Kari og nikker. Hun er utdannet førskolelærer fra høyskolen i Halden og har bodd og jobbet flere år i Drammen. Deretter bar det tilbake til Hadeland og diakonstilling, i mange år – jeg tror det må nærme seg 20 år sier hun. Hva er en diakon spør jeg? En diakon har ansvaret for kirkens omsorgsarbeid forklarer hun. I min jobb på Hadeland betydde det at jeg arbeidet med unge og gamle, arrangerte forskjellige treff, ledet samtalegrupper og sorggrupper. Jeg hadde også mange enesamtaler hos folk som hadde behov for det, ledet andakter, holdt begravelser, var på husbesøk - hun ramser opp. Et mangfoldig arbeid forstår jeg, der mennesket hele tiden er i fokus.

Hvordan havnet du i Hemsedal da undrer jeg? Hun rister på hodet og sier, vet du - det var egentlig helt merkelig. En samtalepartner sa ved en anledning, du skal ikke vurdere et år som vikarprest? Det var helt fjernt for meg smiler hun, jeg hadde ikke tenkt tanken en gang. Men tanken kvernet og ble moden. Ikke lenge etter drar hun og mannen på hyttetur til Hemsedal, og idet de er klare for avreise sier hun i forbifarten – dere har ikke noe ledig vikariat til meg da? Samtidig blir det gjort kjent at Camilla prest i Hemsedal venter barn og nye planer må legges. Du verden sier jeg, det var litt av et sammentreff! Ja det var litt rart innrømmer hun. Det dukket opp et vikariat, akkurat det jeg ønsket og der jeg ønsket, og slik havnet hun altså i Hemsedal. Fra 1. oktober er hun på plass.

Hvem er du da, spør jeg nysgjerrig? Oj da, smiler hun. Jeg liker veldig godt å gå på ski, å være ute i naturen gir meg mye. Hun kjenner Lykkja og Kjølén og områdene omkring, har ikke gått så mye på Gravset enda, men det kommer. Så liker jeg å lese bøker og vi har hund.



Informasjon

En Springer Spaniel på 1 år, en skikkelig friskus som heter Clypso. Clypso? Han fikk navnet Harry Belafonte fra kennelen. Vi ønsket oss et kort hundenavn og kalte han Clypso etter denne sangeren som gjorde Calypsomusikken kjent. Ruth Kari har med seg mannen Jan fra Finnmark, nærmere bestemt fra Neiden, et lite sted i Sør-Varanger. Der var det så langt fra hus til skole at ungene flyttet på internat som 7-åringer. Jeg blir stor i øynene, det var tidlig. Ja det har jeg også sagt, og da svarer han bare at «de va nu bare slik de va».

Ruth Kari skal arbeide som vikarprest i Hemsedal ut juni. Det betyr at hun skal delta i kirkelivet, holde andakter og begravelser. Hun har ikke vigselfrett, da hjelper andre prester til.

Kyrkjebladet ønsker Ruth Kari, Jan og Clypso velkommen til Hemsedal!

Helmax på Gol bedehus

Det er etterkvart blitt ein tradisjon å samle konfirmantar og ungdom frå nesten heile Hallingdal til ein felles laurdagskveld på Gol bedehus i oktober. Dette året var ikkje noko unntak.

Bedehuset vart fylt opp med ungdom som fekk være med på ein blanding av lek, spel og underhaldning, flott allsong, ein dose alvor og for ikkje å gløyme både taco og kaker.



Masse flott ungdom på Gol bedehus

TEKST & FOTO: LUDVIG MUNKEJORD



Arnstein Bleiktvedt og Marianne Gandrud Skinnes har utlodning av sjokolade på tampen av kvelden.

Kvelden blei flott leia av Lasse Østro Grødum og konfirmantpresten vår, Arnstein Bleiktvedt, hadde appellen.

Det er flott å samlast på ein slik måte og sjå at me er mange og at me kan være saman på tvers av bygdene på fleire punkt gjennom konfirmanttida.